



Kjøpekontrakt for fast eiendom

mellom

Jørund Vevle, f. 010470 som seljar,

og

Osterøy kommune (OK) org. 864338712, som kjøpar

1. Kjøpekontrakten gjeld

Erverv av om lag 38 daa til kommunal tenesteyting frå gnr. 4 bnr. 1.

Avsett areal i kommuneplan til kommunal og privat tenesteyting er om lag 23 daa. Seljar ønskjer å behalde 1 daa som restareal til mogleg framtidig privat bruk. Dette arealet går som frådrag i avsett areal til tenesteyting. Arealet vil vere ein del av 4/1 og vert ikkje frådelt som eigen tomt.

Restarealet på om lag 15 daa er avsett til LNF.

2. Rettigheter/hefte

Arealet vert seld heftefritt.

3. Tilstand

Kjøpar overtek arealet som det er.

4. Oppgjer og heimeloverføring

Avtalt oppgjer for heile arealet er kr. 8 millionar. Beløpet vert ikkje justert etter oppmåling.

Kjøpar dekkjer alle omkostningar knytta til frådelling av erverva areal, overføring og tinglysing. Kjøpar får fullmakt til å søkje frådelling gjennom denne avtalen. Det same gjeld omdisponering og frådelling etter jordlova og konsesjon etter konsesjonslova.

Kjøpar får underteikna skøyte og seljar overfører avtalt beløp same dag.

5. Atterhald

Avtalen er ikkje bindande for kjøpar før det er gjort vedtak om erverv i heradsstyret. Dersom kommunen ikkje får konsesjon på å overta arealet avsett til LNF, skal avtalen reforhandlast.

Avtalen er underteikna i to eksemplrar, kor partane mottok eitt kvar.

Dato: 9/11 22

Osterøy kommune v/ordførar



Jørund Vevle